

Paul Harris Fellow-ship

vart i år 2007 tildelt

Johan Mork



Johan Mork vart tildelt Paul Harris Fellow - ship utmerkinga på møtelokalet på Haugstad ved presidentskifte den 26.06.2007

Ei lita oppsummering om Johan:

Johan, fødd 09.01.1927 på Grimstad i Hareid, gift med Berit f. Grimstad i 1954. Dei fekk 2 jenter og 2 gutter – 4 barnebarn.

Etter endt utdanning, kom Johan til Brattvåg i 1955 som nytilsett teknisk sjef i Haram kommune.

Alt same året byrja arbeidet med å gjere Hestevatnet om til drikkevasskjelde for Brattvåg - eit arbeid som tok 10 år. Johan var også leiar i vassverket-i nye 10 år.

I kraft av den jobben han hadde, var han med å utvikle storkommuna Haram.

I mesteparten av dei velfungerande systema og infrastrukturen vi har rundt oss i dag, har Johan vore ein pådrivar; det vere seg vegar og gater, tekniske anlegg, brannberedskap osv.

Johan er ein pliktoppfyllande, rettskaffen, jovial person – glad i å ferdast ute i naturen. Vi veit at han har to kjære hobbyar – den eine fylgjer kanskje den andre.. fuglehundar og rypejakt. Begge krev tolmodigkeit og fastheit-og noko vi alle ser- god fysisk form.

Han siterer rett som det er kjente forfattarar– noko som betyr at han også er glad i det boklege.

Som R-medlem har han vore med frå starten – han er altså chartermedlem.

Han var med og forma det sosiale samværet i klubben og det arbeidet klubben har gjort for bygda. Johan har sjølsagt hatt – og fylt - alle dei ulike verva i klubben. Han var president i 1970-71 og arkivar-vervet var i ei årrekke i trygge hender.

Johan har fylt alle andre roller og oppgåver på ein flott måte, det har eg sett fleire eksempel på berre dette året eg har vore president. Eit aktivit medlem med uredde og konstruktive innlegg – alltid vil han det beste for klubben!